



Oksastølen. Foto tilhører Knut Djonne.

## OKSASTØLEN 660 moh

**Oksastølen er stølen som høyrer til Utetun på Djonno.**

I dag er det to sel som framleis står og tuft etter eit tredje sel. Det eldste selet nærast Oksen er bygd opp av delar av fleire hus, og ein finn tymrastokkar frå seint på 1600-talet.

Det er framleis flor i kjellaren, og selet vart restaurert i 2021. Kyrarbeitet er ikkje det aller beste på Oksastølen, så dei slutta med støling rett etter 2.verdskrig og frakta kyrna til Hardangervidda i staden.



Oksastølen. Foto Rannveig Djonne.

Oppe i lia mot Oksen ligg det ein stor stein som vert kalla **Gullknapp**. Frå Gullknapp gjekk det tidlegare løypestreng ned til Oksastølen, og vidare løypestreng frå Smørstampelytta (nedi bakkane under Oksastølen) til garden Åkre utanfor Djonno. Der løypte dei høy og jord.

**Den siste budeia på Oksastølen var Brynhild Kaland (f.1906-1993).** Ho må ha vore ei særskild dame.

Ho jobba heime på garden Kaland på dagtid, gjekk opp til Oksastølen om ettermiddagen/kvelden, mjølka kyrne og sov på stølen. Om morgonen mjølka ho kyrne, kinna mjølka og bar ned att smør og saup til Djonno, før ho tok fatt på jobben heime på Kaland. Og så var det opp på stølen på nytt. Brynhild var gift med kunstnaren Jakob Kaland (f.1906-2003)

*Kjelder: Grunneigarar og lokalkjende på Djonno, Bygdabøkene «Odda, Ullensvang og Kinsarvik i ny og gamal tid» av Olav Kolltveit.*

**GOD TUR! Granvin turlag**

*til venstre: "Skattar i databasen til Nasjonalbiblioteket der ein kan finna alt frå bygdabøker til avisartiklar. Bilete frå 1933 frå Utetun. Antakelegvis forrige gong det var «storvøla» på Oksastølen. Då veit me i alle fall at dei brukte hest til å frakta materiale opp ... evt så langt opp dei klarte å gå. Det skulle ikkje forundra meg om det var i 1933 at dei la på bølgeblekk på taket. Det høver med eit maleri me har frå 1937 der bølgeblekket er lagt på. Ære være bølgeblekket som har berga mange hus!" Rannveig Djonne.*



Materialreiding til Oksastølen 1933, der selet skal vølast. Frå v.: Jørgen S. Utne, kjøpmann Aravid Djonne, lærar Nils Bu, Nils Groven, Ringøy.